



Arkivnr: 2015/8849-94

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Handlingsplan - Selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap

### Bakgrunn for saka:

**Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort m.a. slikt vedtak:**

7. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Hordaland teater L/L** syta for å:*
  - a. *Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten*
  - b. *Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket*
  - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
  
8. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Kveik AS** syta for å:*
  - a. *Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten*
  - b. *Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket*
  - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

### **I møte i kontrollutvalet 15.06.2017 vart det gjort m.a. slikt vedtak i sak PS 71/17:**

7. *Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg*

*purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Hordaland Teater LL dersom svar ikkje vert motteke.*

8. *Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Kveik AS** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Kveik AS dersom svar ikkje vert motteke.*

#### Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om selskapskontroll og forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

**Tilbakemelding i form av handlingsplan i tråd med punkt c i vedtaka i fylkestinget 14.12.2016 er no også motteke frå selskap 7 som gjeld Hordaland Teater LL og selskap 8 som gjeld Kveik AS. Dei mottekne tilbakemeldingane ligg ved saka.**

#### Tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** (punkt 7):

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hordaland Teater AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet seie seg ferdig med saka.

#### Tilbakemelding frå **Kveik AS** (punkt 8):

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Kveik AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet stort sett er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste bør kontrollutvalet be om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer vedtak på kvart av dei to selskapa i tråd med drøftinga over.

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hordaland Teater AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
2. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Kveik AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet stort sett er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Selskapskontroll arkivplikt Hordaland Teater
- 2 Vedlegg Hordaland Teater
- 3 Handlingsplan - Selskapskontroll av arkivplikt Kveik AS